

Tyskarar prøvde seg på tjuvfiske i elva

14.05.2007



Arne Terje Haugland – uroa over tjuvfiske og lusangrep, men glad for positiv repons på Uskedalselva. (Foto: Ola Matti Mathisen)

To tyskarar prøvde seg mandag på tjuvfiske i Uskedalselva, men det var ikke lenge før dei vart observert og avslørt. Då dei vart tiltala og gjort merksame på at fiske no er forbode, ville dei først ikkje bøya seg for det. Men då dei vart presenterte for bodskapen skriftleg, ga dei seg og forlet elva.

- Eg har aldri opplevd tjuvfiske så tidleg i sesongen, seier oppsynsmann Arne Terje Haugland til uskedalen.no. Tyskarane var ein månad for tidleg ute. Leiinga i elveeigarlaget drøftar no kva slags reaksjonar tjuvfiskefreistnaden bør utløysa.

Haugland gler seg ellers allereie no til sesongen, for responsen på Uskedalselva er svært stor og større enn vanleg. Folk ringjer og vil veta når sesongen startar og korleis tilhøva for fiske er i denne elva. Det er tydeleg at dei har lese om ho på nettet.

Til dømes ga ein rogalending beskjed om at han, som tidlegare fiske i Vikedal, vil prøve Uskedalen denne gongen.

Haugland har allereie no observert fisk i området ved brua og einskilde av dei var over kiloen. Han har sett så mange som seks på ein gong der. Men han er uroa over ein observasjon – han har også sett kraftige lusangrep på nokre av fiskane.

Av Ola Matti Mathisen